

Årsmelding for Imsland kyrkjelyd 2016

Årsmelding for Imsland kyrkjelyd 2016

Soknerådet har hatt sju møter og har handsama 34 saker i 2016. Vi har ein representant i Vindafjord kyrkjelege fellesråd. Tri representantar tok også del i eit årleg møte mellom sokneråda og fellesrådet. Soknerådet har ein representant i Felles Utval for Trusopplæring, to representantar i felles diakoni-utval og ein i felles trusopplæringsutval for Imsland, Vikedal og Sandeid.

Det var i år seks konfirmantar i soknet. Dei kunne vera med i ei av dei fem gruppene form og farge, foto, diakoni, KRIK og friluftsgruppe. Diakonigruppa besøkte Vindafjordtunet i Nedre Vats, var med på eldretreff i Vikedal, og hadde hyggestund på bedehuset. Det vart også i år arrangert ein vellykka konfirmant weekend til Eintveit i Åkrafjorden. Konfirmantane samla inn penger til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Resultatet vart 5191,-

Det vart laga til konfirmantfest på bedehuset etter gudstenesta 26.april. Takk til foreldra og konfirmantane i 2015 som var med å arrangera festen.

Gudstenesta Palmesøndag var felles for Sandeid, Vikedal og Imsland på Fjellstøl. Vi hadde den tradisjonelle gudstenesta saman med Frelsesarmeen 1.påskedag, etterfylgd av ein flott kveldsmat på bedehuset. Det vart arrangert felles gudsteneste for heile kommunen Kristi himmelfartsdag 5.mai, etterfylgd av grilling utanfor bedehuset og musikk av Sauda trekkspelklubb.

Soknerådet stod sjølv for tilrettelegginga av hausttakkegudstenesta 2.oktober. Gullkonfirmantane frå Sandeid, Vikedal og Imsland vart invitert til Imsland dette året.

«Lys vaken» vart arrangert dette året. Alle 5 og 6 klassingane deltok.

I år vart «Vi syng jula inn» arrangementet regisert som julekonsert av “Korè Vindafjord” 13.des.

n

Barnehagen har vert på kyrkjevandring. Det vart halde gudsteneste for skulen før jul.

På gudstenesta julafta møtte det opp 80 personar. Imsland barnekor og Lisa Marvik bidrog med song.

Arbeid som er utført på Imsland kyrkjegard:

Laga moldbinge, forsterka søppelbu, ordna opplegg for vass-uttak, retta opp mur, satt opp nytt gjerde og reparert inngangsporten. Arbeidet er utført av Sigmund Espevold og Martin Aksland. I tillegg er poppeltreet ved kyrkjeporten felt av VMA. STOR TAKK til dei nemnde herrane!

Bedehuset har vore i bruk for korøvingar, møteveke, bedehusbasar, kyrkjekaffi og soknerådsmøter.

Litt statistikk:

Døpte: 5

Utmeldte: 0

Medlemstal: 263

Ordinære gudstenester: 22

Gjennomsnittleg tal deltakarar: 876

Konfirmantar: 6

Vigslar: 0

Gravferder: 5

I takkoffer har det i år kome inn kr. 47246,- derav gjekk kr. 13595,- til arbeid i eigen kyrkjelyd.

I fjor var tala 34.234,- og kr 11.444.

Soknerådet vil takka tilsette og frivillige for eit dugande arbeid og triveleg samarbeid i året 2016.

Jolaug Sæle Kaldheim, leiar

Berit Karin Haugland, nestleiar

Marita Kvitno Staurland, sekretær

Sigmund Espevold, kasserar

Liv Hoff Imsland, medlem til Fellesrådet

Siv Helen Olsen, varamedlem til Fellesrådet

Hans Ilstad, varamedlem

Sokneprest Harald Eintveit